



Fylkesmannen i Rogaland

Vår dato:

4.5.2021

Vår ref:

2020/9105

Dykkar dato:

Dykkar ref:

19/1464-139/ COH  
20/13017

FJALER KOMMUNE  
Dalstunet 20  
6963 DALE I SUNNFJORD

Saksbehandlar

Svein Undheim, 51 56 89 08

## Klageavgjerd – dispensasjon frå reguleringsplan og samtykke til å auke rotordiameter på vindkraftverk og fylling i sjø – Fjaler kommune

**Fleire grunneigarar og Statsforvaltaren i Vestland har klaga på kommunen sitt vedtak om dispensasjon frå reguleringsplan for Lutelandet vindkraftanlegg og samtykke til å auke rotordiameter og fylling i sjø. Fylkesmannen gjer om kommunen sitt vedtak og avslår søknaden.**

Statsforvaltaren viser til sending dagsett 14.9.2020 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet der Fylkesmannen i Rogaland vet oppnemnt som settefylkesmann til å handsama og avgjere saka. Statsforvaltaren beklagar at handsaminga av saka har tatt lang tid.

### Bakgrunn for saka

Fjaler kommune vedtok 25.10.2011 reguleringsplan for Lutelandet energipark med mellom anna område for vindkraft. Tiltakshavar Vestavind Energi AS søkte om dispensasjon frå reguleringsplanen og samtykke til å auke rotordiameter på vindturbinane frå 135 meter til 150 meter. Det vart også søkt dispensasjon og samtykke til utfylling i sjøen i samband med vegbygging. Dispensasjonssøknaden vart sendt ei rekke instansar for uttale. Det kom 44 merknader frå privatpersonar og fire merknader frå offentlege instansar. Fylkesmannen i Vestland uttala seg negativt til søknaden.

NVE godkjende konsesjonspliktige endringar, detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan for Lutelandet vindkraftverk, i vedtak datert 28.06.2019. Kommunestyret vedtok å ikkje klage på NVE sitt vedtak, i sak KOM-093/19 den 26.08.2019.

NVE skriv i vedtaksbrevet mellom anna følgjande: «NVE gjer oppmerksom på at tiltaket ikkje må være i strid med kommuneplanens arealdel eller gjeldende reguleringsplaner. Konsesjonæren må sørge for dette. Behovet for dispensasjon frå gjeldende arealplan må være

E-postadresse:  
[fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44

Telefon: 51 56 87 00  
[www.fylkesmannen.no/ro](http://www.fylkesmannen.no/ro)

Org.nr. 974 763 230



*avklart med kommunen før arbeidene kan starte. Konsesjonæren må også sørge for at tiltaket gjennomføres i overensstemmelse med de bestemmelsene i plan- og bygningsloven med forskrifter som gjelder for tiltaket.»*

I samband med arbeidet med miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan) og detaljplan for utbygging av Lutelandet vindkraftverk vart det avdekka tilhøve som er i strid med føresegner og plankart til reguleringsplanen for området. Desse tilhøva blei påpeika i kommunedirektøren sitt saksframlegg i sak KOM-093/19 den 26.08.2019. Søknaden om dispensasjon gjeld desse tilhøva.

Formannskapet i Fjaler gjorde i sak FOR-025/20 den 5.3.2020 vedtak om å gi dispensasjon til auka rotordiameter og fylling i sjø. Det vart gjort slikt vedtak:

*«1) Det vert gjeve dispensasjon frå § 7.1.1 i føresegnene til reguleringsplan for Lutelandet energipark, vedteken 25.10.2011, slik at det kan nyttast vindturbinar med rotordiameter på maksimalt 150 meter i samsvar med godkjende konsesjonsendringar og godkjent MTA-plan etter energilova for Lutelandet energipark og for maksimalt 9 turbinar.*

*2) Det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for Lutelandet energipark, vedteken 25.10.2011, for nødvendig fylling i sjø og i samsvar med godkjend MTA-plan etter energilova for Lutelandet energipark. Ved fylling i sjø skal det nyttast siltduk for å hindre partikkelforureining.*

*Formannskapet i Fjaler er kjend med at MTA-planen er påklaga av Fylkesmannen i Vestland. Utfallet av klagehandsaminga på den godkjende MTA-planen vil bli avgjerande for vidare utbygging av vindkraft på Lutelandet.*

*Dispensasjonen vert gjeve på vilkår om at Lutelandet Energipark AS gjennomfører sikringstiltak med omsyn til støy og skuggekast for å sikre at Lutelandet industriområde kan utviklast og driftast i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan for industriområdet.»*

Vedtaket blei påklaga av ei rekke grunneigarar i nærområdet og av Fylkesmannen i Vestland. Klagarane har mellom anna gjort gjeldande at ein ikkje kan gi dispensasjon frå reguleringsplanen fordi det er mangelfullt kunnskapsgrunnlag om verknadene av endringane det er søkt om. Endringane går utover hovudrammene i planen og planen bør då eventuelt endrast. Kommunen har ikkje heimel til å gi dispensasjon frå reguleringsplanen til tiltaka. Det er eit minstekrav at konsekvensane av endringane er undersøkte på forsvarleg vis, jf. naturmangfaldlova § 8, at verknaden av tiltaka blir synleggjort og at det eventuelt vert stilt krav om tilstrekkelege avbøtande tiltak, som til dømes stans av vindkraftverket i periodar med fugletrekk.

Klagesaka blei handsama i kommunestyret 18.06.2020 i sak KOM-077/20 som vedtok å ikkje ta klagen til følgje.



Statsforvaltaren viser elles til dokumenta i saka.

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Statsforvaltaren legg til grunn at klagarane har klagerett og at klagen er sett fram innan klagefristen, jf. forvaltningslova (fvl.) kapittel VI og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9. Klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende, jf. fvl. § 34.

Tiltaket er omfatta av reguleringsplan for Lutelandet energipark vedtatt av kommunestyret 25.10.2011. Reguleringsplanen har mellom anna føresegner om maksimal rotordiameter og forbod mot inngrep i sjøområde. Planens § 7.1.1 lyder:

*«Innanfor området er det tillate med bygging av inntil 20 vindturbinar. Vindmøllene kan ha ei navhøgde på maksimalt 136 meter frå planert bakkenivå og ei total høgde på maksimalt 200 meter. Rotordiameter kan vere maksimalt 135 meter.»*

Området i sjø er avsett til friluftsområde i sjø og vassdrag i plankartet. Planens § 7.5 lyder:

*«Eit større sjøområde vest for Lutelandet er sett av til friluftslivsområde i sjø. Området skal kunne nyttast til ordinær båttrafikk, friluftsliv og rekreasjon i den grad det er ønskjeleg. Det er ikkje tillate med inngrep i dette området.»*

Tiltakshavar søker om dispensasjon frå føresegna om rotordiameter og løyve til å auke maksimal rotordiameter frå 135 meter til 150 meter. Tiltakshavar søker også om dispensasjon frå forbodet mot inngrep i friluftslivsområdet i sjøen og løyve til å bygge internveg mellom turbinane T4 og T5 med utfyllingar i sjøen.

Dispensasjon kan bli gitt etter grunngjeven søknad. Vilråa for dispensasjon går fram av pbl. § 19-2. Dei omsyna som plan- og bygningslova og den aktuelle planen byggjer på er sentrale i vurderinga. Det vert særleg lagt vekt på omsynet til ei forsvarleg og fornuftig areal- og ressursdisponering. Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast vekt på statlege og regionale rammer og mål. Dispensasjon kan ikkje bli gitt dersom omsyna bak føresegnene eller lova sitt føremål blir vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Planar vert utarbeida gjennom ein omfattande prosess det mange ulike interesser og omsyn er vurdert. Av omsyn til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved einskilde dispensasjonar men at endringar vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging. Dispensasjonar og samtykke til enkelttiltak i planområdet kan få verknader som er vanskeleg å vurdere på førehand og kan leggja uheldige band på seinare regulering.

Reguleringsplanens § 2.1 har krav om detaljreguleringsplan før tiltak i område for vindkraft ver tillatne. Det går mellom anna fram av føresegna at: *«Planen skal m.a. fastsetje aktuelle løysingar for veg, oppstillingsplassar for kran/køyretøy og lokalisering av turbinposisjonar. Detaljreguleringsplanen skal også avklare areal for mellombels massedeponi og kvar nødvendig*



*yllmasse skal hentast».*

Planen skal mellom anna sikre ei heilskapleg og gjennomtenkt utbygging der ulike interesser og omsyn innanfor byggjeområdet vert vurdert. Dei føresegnene det er søkt om dispensasjon frå tar mellom anna sikte på å verna naturmangfald og andre naturinteresser i planområdet.

Vegen ein ønsker å bygga medfører betydelege inngrep i sjøområdet som er omfatta av forbodet mot tiltak fastsett i § 7.5 i planen. Om lag 1100 m<sup>2</sup> sjøbotn skal dekkast med 2500 m<sup>3</sup> massar. Det er opplyst at området er eit grunt vassområde med potensielt mykje dyreliv der tiltaket kan ha vesentlege verknader for naturmangfaldet. Reguleringsplanen for Lutelandet energipark har ikkje føresegner korkje i plankartet eller føresegnene om fylling og veg til vindturbin slik det er søkt om. Statsforvaltaren legg til grunn at tiltakshavar si opplysning om at fylling i sjøen er i samsvar med planen ikkje stemmer.

Det er opplyst at det er mange fritidsbustadar i området og at sjøområdet kring Lutelandet, Korssund og Lammetun er mykje brukt til friluftsliv som småbåttrafikk, fiske og rekreasjon. Statsforvaltaren legg til grunn at fyllinga i sjøen skader området sin verdi som friluftsområde og har negativ verknad for den staeigne kystnaturen.

Konsekvensutgreiinga gjort i 2009 avdekkar ein tareskogføreskomst langs vest- og sørsida av Lutelandet (naturtypelokalitet 16). Dette er ein stor tareskogføreskomst som strekk seg frå nord for Lammetun, langs vestkysten av Lutelandet og rundt på sørsida. Denne naturtypelokaliteten er vurdert som svært viktig. Det er registrert eit gytefelt for sei og hyse langs vestsida av Lutelandet. Sjølv om det ikkje er observert gytande fisk der på lang tid er området likevel eit ressursområde for fisk i oppvekst som opplyst av Fiskeridirektoratet.

Statsforvaltaren vurderer det slik at moglege verknader ikkje er tilstrekkeleg vurdert. Det er i samband med tidlegare handsaming av tiltaket vist til konsekvensutgreiinga frå 2009 der slike tilhøve ikkje er vurdert. Konsekvensane tiltaket får på naturmangfaldet i sjø til å ikkje vere grundig nok kartlagt.

Det er opplyst at auka rotordiameter frå 135 til 150 meter betyr at sveiparealet for ein enkelt vindturbin aukar frå 14 307 m<sup>2</sup> til 17 663 m<sup>2</sup> og at det samla sveiparealet for ti vindturbinar aukar med 33,4 dekar til eit samla areal på 176,6 dekar. Ei slik auke i sveipareal (20%) er ei vesentleg endring av vindkraftanlegget med sannsynlegvis tilsvarande auka miljøverknader. Vindturbinar kan ha negative verknader mellom anna for fuglelivet.

Det er opplyst at det vart gjennomført radarregistrering av fugletrekk ved det planlagde Bremangerlandet vindkraftverk og over det planlagde Guleslettene vindkraftverk i 2018 og 2019. Undersøkingane viste at det går eit stort og viktig fugletrekk langs Vestlandskysten vår og haust. Trekket går hovudsakleg langs ei smal stripe på land mellom havet i vest og fjellet i aust. Det er opplyst at det er overvegande sannsynleg at hovudtrekkleia for trekket går relativt lågt over Lutelandet. Dette er i strid med konsekvensutgreiinga i 2009 der det vart lagt til grunn at trekket truleg går lenger vest i havet. Fugletrekk vart ikkje undersøkt i samband med konsekvensutgreiinga for Lutelandet vindkraftanlegg og seinare



undersøkingar har heller ikkje gitt relevant informasjon om dette. Statsforvaltaren vurderer det slik at verknadene for fugletrekk ikkje er tilstrekkeleg utgreia.

Det er påvist hekkande hubro i nærleiken av Lutelandet og at det er høgst sannsynleg at hubroen passerer Lutelandet regelmessig under jakt i nærleiken. Hubro er ein raudlista art. Heller ikkje verknadene tiltaket kan få for hubro er nærare utgreidd. NVE har i godkjenninga av MTA-planen og dei konsesjonspliktige endringane mellom anna uttalt følgjande:

*«NVE konstaterer at planområdet for vindkraftverket ikke synes å ha stor verdi for fugl. Det er ikke registrert hekkelokalteter for rødlistede fuglearter innenfor planområdet. Basert på den supplerende konsekvensutredningen, andre opplysninger og eksisterende kunnskap om fugl, mener NVE at det ikke avdekkes vesentlige endrede virkninger sammenlignet med kunnskapen som lå til grunn for vurderingene i «bakgrunn for vedtak» av 08.07.2011. NVE mener derfor at tiltaket alene ikke vil ha betydning for den regionale eller nasjonale bestandsutviklingen av truede og sårbare fuglearter, jf. naturmangfoldloven § 5. Førre-var-prinsippet kommer derfor ikke til anvendelse.»*

Statsforvaltaren er usamd i denne vurderinga og viser til undersøkingane det er gjort greie for ovanfor som viser at området er viktig for fugl og at ei utviding av anlegget som det er søkt om kan skade bestandsutviklinga for fugleartar. Statsforvaltaren viser til at målsettinga i naturmangfoldlova § 5 gjeld for alle artar og ikkje berre raudlista artar slik NVE synest å legge til grunn.

Det går fram av naturmangfoldlova § 8 mellom anna at offentlege avgjerder som berører naturmangfoldet så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypene si utbreiing og økologiske tilstand samt effekten av påverknader. Statsforvaltaren vurderer det slik at verknadene for naturmiljøet av dispensasjon i denne saka ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Naturmangfoldlova § 9 om førre-var-prinsippet lyder:

**«§ 9.(førre-var-prinsippet)**

*Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»*

Statsforvaltaren forstår førre-var-prinsippet slik at ein bør unngå tiltak der kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg til at ein kan vurdere verknadene for naturmiljøet. Statsforvaltaren vurderer det slik at vesentlege avvik frå føresegnene i planen må handsamast gjennom endring av reguleringsplanen slik at verknadene av endringa kan bli tilstrekkeleg utgreia.



Statsforvaltaren vurderer det slik at det ikkje er fordelar ved dispensasjon som er større enn ulempene. Ein viser til at både å auke rotordiameter og å fylle i sjøen sannsynlegvis rårkar naturverdiar samstundes som konsekvensane for naturverdiane ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Dette er vesentlege ulemper ved dispensasjon. Dispensasjon er ein fordel for tiltakshavaren, men det kan etter praksis vanlegvis ikkje leggast vekt på tiltakshavaren sine ønske og behov ved vurderinga av dispensasjon. Det er i hovudsak samfunnsmessige fordelar som er relevante i denne samanhengen, til dømes omsynet til god areal- og ressursutnytting. Tiltaket sine moglege konsekvensar for naturverdiar gjer også at omsyna bak føresegnene det er søkt dispensasjon frå vert sett til side. Statsforvaltaren viser til at omsynet bak dei aktuelle føresegnene nettopp er å verna naturverdiar.

Vilkåra for dispensasjon er ikkje oppfylt. Fylkesmannen gjer om kommunen sitt vedtak og avslår søknaden.

#### Vedtak

**Statsforvaltaren gjer om kommunen sitt vedtak av 5.3.2020 og avslår søknaden. Klagen er tatt til følgje.**

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast til overordna myndigheit, jf. fvl. § 28.

Erik Thomsen seniorrådgiver	Svein Undheim seniorrådgiver
--------------------------------	---------------------------------

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

#### Kopi til:

Magne Andre Aralden	Parkgata 45	6813	Førde
Geir Egil Nygjerde	Hornnesbøen 21	6809	Førde
Jan Reidar Kalstad	Falkensteinsvegen 45	6809	Førde
Karl-Jan Erstad	Folkestadvegen 310	6964	Korssund
LUTELANDET OFFSHORE AS	Øykjetona 15	5916	ISDALSTØ
Lasse Randen	Grønlund 13	6863	Leikanger
Idar Vikdal	Sognefjordvegen 140	6863	LEIKANGER
Atle Svein Øen	Gardsstølsvegen 14	6812	Førde
Arild Jarle Feet	Storebruvegen 28	6854	Kaupanger
Hilde Ramstad Haugsbø	Dalsåsvegen 124	6963	Dale I Sunnfjord
Astrid Skår	Korssundvegen 284	6964	KORSSUND
KORSSUND HANDEL AS		6964	KORSSUND
Bjarte Skår	Dalsåsvegen 5	6963	DALE I SUNNFJORD
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER

**Commented [TE1]:** Er det ikkje litt farlig å srive dette i denne saken. Utan at eg har lest faktum regner eg med at en dispensasjon kan gi grunnlag for et vindkraftverk med større kapasitet til å levere strøm til samfunnet.



Side: 7/7

Erna Pettersen Vikdal	Sognefjordvegen 140	6863	Leikanger
Ove Myklebust	Vassdalsvegen 391	6963	DALE I SUNNFJORD
Nina Bygstad	Hornnes	6815	FØRDE
Jarl Egil Haugsbø	Dalsåsvegen 124	6963	Dale I Sunnfjord